



Team Haugland/Stensletten er klar for å løysa spørsmåla på post 1.

**Før klokka 10 var det fyrste sykelistane på plass for registrering og start på Sykkelquiz rundt dalen. Med ti postar og tre spørsmål på kvar post er sykkelløpet unnagjort på vel ein time. Den fyrste posten står ved Elins Matgleder, den siste ved Bedehuset. Då uskedalen.no var på plass ved 1.post, var det alt kø for å koma fram til spørsmålsarket.**

Dei som sykla var stort sett familielag, nokre over fleire generasjonar, nokre i syskenlag. Alle var oppmoda om å bruka hjelm. Det vart gjort. Det er fotballgruppa ved G13 laget som er teknisk arrangør. Påmeldingsavgifta og inntekta frå sal av kaffi, saft og kake går uavkorta til kostnader med å vera med på Bø Cup i sommar.



Familien Kjell Harald, Malin og Mathias Tungesvik svarar kjapt på den fyrste posten ved Elins Matgleder.

Post 1 hadde spørsmål frå geografi, kultur og språk. Tema for den fyrste posten var Barcelona. Det var lova at eit av dei tre spørsmåla skulle vera for born. Slik var det på post 1 også. Spørsmålet lydde slik: Kva ord på spansk vert brukt for hei på norsk ?

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sekretariatet er klar for registrering og informasjon. F.v: Anders Haugland, Patrick Stensletten, Oliver Enes, Anna Elisabeth Samland Eik, Ruth Maria Myklebust.